

Våren 2018

# Overgang skule- ungdomsskule

Namn: \_\_\_\_\_

Barne- og ungdomstrinnet er ein del av eit samanhengande løp der heimen og skulen har eit felles ansvar for å leggje til rette for vidare utvikling for ungdommen. I våre roller som føresette og pedagogar ser me ungdommen i ulike situasjonar, som i sum dekker det meste av kvardagen. Vår evne til å dele erfaringar om kva me ser i lag med ungdommen, er med å bestemme kor godt me kan leggje forholda til rette for læring og utvikling framover.

På ungdomstrinnet endrar det sosiale bilete seg, og mange ungdommar vert meir opptekne av kva andre seier og meiner. Interessene endrar seg også, mindre leik og meir data, eller meir idrett. Det vert mykje anna å tenke på som kan ta fokus vekk frå skulen. Mange endrar arbeidsvanar og gjer lekser seint om kvelden. Dei fleste gjer fleire ting samtidig, ser fjernsyn eller høyrer musikk medan dei gjer lekser.



## Eg er og eg kan...

Med «eg er» tenker me til dømes på sjølvbilete, evna til å ta ansvar og ha pågangsmot. Sjølvbiletet vert forma av dei inntrykk og tankar ein har om seg sjølv og sin plass i forhold til andre. Med «eg kan» tenker me blant anna på evna til å kommunisere, løyse problem/konfliktar og skape relasjonar.

### Kven er.....

Sjølvbilete

Sjølvinnsikt

Ta ansvar

Ta initiativ

Halde ut

Pågangsmot

### Kva kan.....

Kommunisere

Løyse problem/konfliktar

Prioritere og ta rette val

Setje grenser

Be om hjelp / seie i frå

Skape relasjonar

## Lærande

Ein lærande elev vert kjenneteikna ved fire komponentar: motivasjon, kunnskap, ferdigheiter og sjølvregulering. Korleis orienterer eleven seg mot læring? Kva motiverer? Korleis forstår eleven, og kva strategiar vert nytta?

### Motivasjon

Kva engasjerer og fører til motivasjon for oppgåvene? Kva slags tilbakemeldingar gjev positiv tru og motivasjon?

### Kunnskap

Innsikt i kva som er sterke sider og kva ein må arbeide meir med.

### Ferdigheiter

Kva slags strategiar vert brukt for å tileigne seg, og anvende ny informasjon?

### Sjølvregulering

Evne til å arbeide systematisk og målretta. Disponering av tid, tilnærming til oppgåver.

## Andre forhold, interesser og fritidsaktiviteter

## Mål for vidare arbeid